



Lærdal, 31.03.2017

AU

Vår ref.
17/49-20

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Knut Fredrik Øi,

Arkiv
K2 - K40

Referat frå møte i Nordfjellarådets arbeidsutvalet for CWD 29.03.2017

Til stede: Oddvar Grøthe (Hemsedal kommune), Noralf Distad (Aurland kommune), Jan Geir Solheim (Lærdal kommune), Alf Olsen jr. (rådmann Lærdal), Lars Nesse (villreinnemd), Sigmund Tveitehagen (villreinutval), Knut Fredrik Øi (komm. viltforv. ÅLA)

Forfall: Steinar Berthilsen, Ellen Korvall (tilgjengeleg på telefon), Magnhild Aspevik (landbrukssjef ÅLA)

Bakgrunn for møte:

Nordfjellarådet sat på Geilo 14.03.2017 ned eit arbeidsutval (AU) for å handsama CWD-problematikken i Nordfjella. Møtet 29.03.2017 er fyrste møtet i AU. AU består av ordførarane i Hemsedal, Aurland og Lærdal.

1. Brev til departement

AU diskuterte forslag til brev til landbruks- og matministeren og klima- og miljøministeren om trong for eit snarleg møte med tema CWD. Brevet ble justert og godkjent. Brevet ble sendt same dag, 29.03.2017. Sjå vedlegg for brevet.

2. Konkretisere oppgåvene som skal handterast lokalt

AU konkluderte med at det er stor trong for eit apparat lokalt som skal løysa dei mange oppgåvene som kjem i kjølevatnet av CWD-problematikken. Midlar til desse oppgåvene, som er av nasjonal/internasjonalt viktighet, meiner AU at skal koma frå sentralt hald. På møtet som det er teke initiativ til, jamfør brev av punkt 1, vil AU ha med seg ein førebels oversikt over kva det er trong for av ressursar for å løysa desse oppgåvene lokalt.

AU konkluderte med at det er akutt trong for å starta denne koordineringa og arbeidet med å systematisera oppgåvar og ressursar. Nordfjellarådet kan ikkje venta til det vert løyvd midlar frå sentralt hald med å iverksetta tiltak. Difor vart AU einige om å tilsetja ein person i 3 mnd.-verk for å koordinera. Felles landbrukskontor ÅLA, ved vertskommune Lærdal tek arbeidsgjevarrolla. Alle seks kommunane kring Nordfjella vil verta spurt om å dela likt på finansieringa av dette engasjementet. AU vil jobba for at dette skal verta dekkja av sentrale midlar. Lars Nesse takka ja til engasjementet frå og med 30.03.2017.

3. Framdriftsplan

Tilsett koordinator vil skaffa oversikt over kva som skal gjerast og kva det er trong for av midlar for å utføra dette. Denne oversikten vil AU nytta i møtet med departementa for å henta midlar til å løysa oppgåvene.

4. Strategi

- Bekjempe sjukdommen
- Hindra smittespreiing
- Worst case scenario

-Gjenoppbyggja

Referatet har vore sendt ut til deltakarane på møtet, med frist 4. april for kommentarar.
Ingen endringar har vore meldt inn til fristen.

Referent:
Knut Fredrik Øi
sakshandsamar

Vedlegg:		
Dok.dato	Tittel	Dok.ID
31.03.2017	Møte i Lærdal 29.mars 2017 om CWD (L)(170521)	123675
31.03.2017	Brev om skrantesjuka til KMD og LMD_29.03.2017	123676